Organisere drifta av skulen innanfor tildelte rammer


Avvik melom budsjett og rekneskap: 1%

Økonomisk resultat


Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2013
Netto ramme drift	15 842	15 735	107	101%	14 139
Netto ramme bygg	2.649	2.857	-209	94 %	2.580
Sum drift inkl. kostnader bygg	18.527	18.592	-65	98%	16.719

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Meir og mindreforbruk 2012-2015 (i heile 1000)

	2012	2013	2014	Budsjett 2015
Utgifter	15 598	15 687	17 343	16 633
Inntekter	-598	-1 541	-1 501	-290
Netto ramme	15 000	14 140	15 842	16.343
Budsjett	15 385	15 259	15 735	
Avvik	385	1 119	-107	

Investeringar

Det er investert kr 194 000,- i nytt inventar og utstyr, hovudsakleg elevpultar og elevstolar. Rest av investeringsramme på kr 300 000,- er overført til 2015.

Kommentarar og avviksforklaringar

Positive opplevingar

Positivt skulemiljø. Over fleire år er det gode og positive resultat på elevundersøkinga med høg trivsel og låge mobbetal. Skulen arbeider systematisk for å oppretthalde eit godt miljø blant elevane og prøver å raskast mogleg handtere dei sakene som dukkar opp.

Positive tal gjennom ungdata-undersøkinga for 8. 9. og 10. trinn.

God utvikling i utviklingsprosjektet «Vurdering for læring».

Oppgradering av skulebygget både innvendig og utvendig, samt nytt inventar og utstyr. Dette vidareførast i 2015.

Konstruktivt og godt samarbeid med Molde kommune i «Vurdering for læring».

Godt arbeidsmiljø med positive og motiverte tilsette, og godt samarbeid heim-skule



5. trinn besøker Midsund brannvesen.



Julelunch

Utfordringar for eininga

- Gi god tilpassa opplæring med låg lærartettleik
- Vanskeleg å rekruttere nye lærarar
- Gjennomføre vidareutdanning for å sikre at skulen har god og riktig fagkompetanse.
- Trafikkavvikling – sikker levering og henting av elevar.
- Behov for meir vedlikehald/vaktmeisterressurs
- Stadig aukande rapporteringskrav.

Statistikk

Brukarar	2012	2013	2014
	158	160	175
	0	0	0
Bemanning	2012	2013	2014
Tal på tilsette	25	25	26
Tal på årsverk	21,5	21	21,8
Permisjonar	2012	2013	2014
Dager	0	0	0
	0	0	0
Sjukefråvær (%)	2012	2013	2014
Eigenmelding (1-8 dagar)	1,3	1,4	1,1
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0,2	0	0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	3,8	2,7	4,2
Totalt fråvær	5,3	6,9	5,3

Kommentarar

Hausten 2014 utfordrande med fråvær og vakante stillingar. Lite tilgang på vikarar med rett erfaring og fagkompetanse. Høgt sjukefråvær i 3. tertial.

Raknes skule

Raknes skule har 68 elevar fordelt på 4 klassar i 1. – 4. klasstrinn og har 13 tilsette.

Skulen er fulldelt og ligg på utsida av Otrøya. Det flotte nærområdet til skulen blir nytta til turar og uteskule.

Gapahuken er basen for lek og læring. Sjø, fjøre, myr og skog i nærområdet blir nytta i undervisninga.

Raknes skule har eit variert SFO-tilbod. Maks tilbod frå 07.30 til 16.30 kvar dag. Drop-in til timepris.

VISJON RAKNES SKULE- Trivsel, tryggleik og kunnskap

PALS-skule. Raknes skule er ein PALS-skule. Står for Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. Ein PALS-skule arbeidar for eit trygt og positiv læringsmiljø med klare reglar og konsekvensar

Hovudfokuset i PALS er ros og anerkjenning, og ha klare reglar og konsekvensar.

Respekt, ansvar og omsorg

VFL – Vurdering for læring

Vurdering for læring. Set fokus på å auke læringsutbyttet.

1. Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei.
2. Elevane skal ha tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
3. Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.
4. Elevane skal være involvert i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eigen fagleg utvikling

Hovudoppgåver

Grunnskuleopplæring, tilpassa norskopplæring for elevar med innvandrar-/flyktningbakgrunn, leksehjelp og SFO-tilbod frå 1.– 4. årssteg



Einingsleiar Navn



Juleverkstad 2014

Mål

Måloppnåing

Brukere

Opplære kvalitetstilbod innan opplæring, der elevane får tilpassa opplæring, kulturelle opplevingar og auka sosial kompetanse.

Godt kvalifiserte lærarar med fokus på klasseleiing og tilpassa undervisning.
Etter- og vidareutdanning av lærarane.
Positive opplevingar med Kultursekken og auka sosial kompetanse og trivnad gjennom PALS.

Vidareutvikle grunnleggjande ferdigheiter

Dette er eit kontinuerleg arbeid, og vi vil bruke mykje tid på dette gjennom prosjektet Vurdering for læring(VFL)

Utvikling nasjonale prøver: vere meir stabil opp på nivå med Møre og Romsdal og landsgjennomsnittet.

Vi ligg framleis under Møre og Romsdal og landsgjennomsnittet. Vi vil ha sterkt fokus på dette framover.
Gjennomfører intensive lesekurs. Har skifta engelsk- og matematikkverk.

Medarbeidere

Raknes skule yter framtidretta teneste med ansvarlege og motiverte tilsette.

Godt arbeidsmiljø og trivsel på jobben.


Økonomi

Økonomisk resultat


Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2013
Netto ramme drift	7 261	7 548	-287	96 %	7 271
Netto ramme bygg	953	1.020	-67	93 %	819
Sum drift inkl. kostnader bygg	8.214	8.568	-354	96%	8 090

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Meir og mindreforbruk 2011-2014 (i heile 1000)

	2012	2013	2014	Budsjett 2015
Utgifter	7 801	7 680	0	0
Inntekter	-781	-409	0	0
Netto ramme	7 020	7 271	7 261	
Budsjett	6 945	7 376	7 548	
Avvik	-75	105	287	

Investeringar

Eininga har ikkje hatt investeringar i 2014.

Kommentarar og avviksforklaringar

Skulen har eit mindreforbruk på kr. 287 000

Skuldast mindreforbruk lønn. Refusjon. Langtidssjukemelding.

Mindreforbruk transport



Snømannen Kalle



Klargjøring av skulehagen

Utfordringar for eininga

Synkende elevtal dei tre siste åra. Frå 97 elevar i 2012 til 68 elevar hausten 2014. Dette snur hausten 2015. Da startar 36 elevar i første klasse. Da er elevtalet oppe i ca. 85.

Fem dagars skuleveke på vent.

Statistikk

Brukarar	2012	2013	2014
Antal elevar	97	83	68
Elevar leksehjelp	22	24	22
	0	0	0
Bemanning	2012	2013	2014
Tal på tilsette	12	13	13
Tal på årsverk (Assistentarog lærarar i skule og SFO)	9.5	10.4	9.16
Permisjonar	2012	2013	2014
Dager	0	0.4	0

Sjukefråvær (%)	2012	2013	2014
Eigenmelding (1-8 dagar)	0.8	0.7	0.6
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0.5	0.1	0.0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	1.1	0.9	6.3
Totalt fråvær	2.4	1.7	6.9

Kommentarar

Auke i sjukefråværet skuldast langtidssjukemelding.


Kostra 2014 – Utdanning

	Midsund	Gr.4	Fylket	Landet	Sandøy	Aukra	Fræna	Eide	Gjemnes	Molde
Netto driftsutgifter til grunnskole	12 307	12 942	10 468	10 038	13 436	14 287	11 948	12 724	11 645	8 384
Netto driftsutgifter til skolelokaler	1 750	2 601	1 922	2 027	3 384	4 037	1 655	1 922	1 538	597
Netto driftsutgifter til skoleskyss	722	515	275	253	423	369	503	571	626	135
Grunnskule	14 779	16 058	12 665	12 318	17 243	18 693	14 106	15 217	13 809	9 116
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud	76	239	184	198	206	752	107	289	299	179
Netto driftsutgifter til voksenopplæring	153	-14	265	208	-87	173	236	-84	161	371
Utdanning	29 787	32 341	25 779	25 042	34 605	38 311	28 555	30 639	28 078	18 782

Kommentar:

Utgiftene til grunnskule er relativt låge i Midsund, men vi brukar mykje på skuleskyss. Ein av grunnane kan vere at vi gir skuleskyss utover minstekravet. Vidare brukar vi lite på skulefritidsordning.

Netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år



Indikatoren viser netto driftsutgifter til grunnskulesektor pr. innbyggjar, etter at tilskot frå staten og andre er trekt frå.

Samanlikna med kommunegruppe 4 har kommunen ein kostnadseffektiv skuledrift.

Midsund kulturskule

Midsund kulturskule hadde ved utgongen av 2014 164 elevplassar på faste undervisningstilbod i musikk og dans, inkludert medlemmar i kor, korps og yogilats. I tillegg kjem deltakarar på tidsavgrensa kurs. 77 elevar i grunnskulealder er med på eitt eller fleire tilbod. Dette utgjer omlag 30 prosent av elevmassen i Midsund.



Rektor: Åshild Melkeraaen

Hovudoppgåver

Midsund kulturskule skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for kulturfag i kommunen gjennom opplæring, oppleving og formidling innan ulike kulturfag. Vi har hatt hovudfokus på musikk, men ønskjer å utvide dette til også å gjelde fagområda dans, teater, bildefag og skapande skrivning. Kulturskulen manglar framleis definert visjon og overordna målsetting/plan. Rammeplan for kulturskular som også inneheld fagplanar, er under utarbeiding sentralt. Midsund kulturskule ventar på denne før vi går i gong med eigne planar.

Mål


Måloppnåing

Brukere	
Å gje eit godt og bredt tilbod til innbyggjarane i kommunen innan opplæring i kulturfag, der ventelistene er så korte som mogleg. Born og unge prioriterast, men det kan også vere tilbod til vaksne.	Kulturskulen hadde 1 songelev på venteliste i 2014. Vaksne deltakarar på tilbod i kor og korps, torader og yogilates. «Frem frå glemselen» er eit tilbod til bebuarane på omsorgssenteret.
Elevane skal lære seg eit kunstfagleg handverk gjennom undervisning som held god kvalitet. Tilgjengelege fagplanar for kvart fag skal ligge i botn for undervisninga, men alle elevar skal få tilpassa undervisning.	Vi har utarbeidd fagplanar for einskilde instrument, men dette arbeidet er ikkje ferdig. Vi avventar sentral rammeplan og fagplan som er venta ferdig i løpet av 2015.
Kulturskulen skal samarbeide med heimen for å stimulere og motivere elevane til å få mest mogleg ut av undervisninga.	Foreldresamtalar vart gjennomført i 2014. Tilbakemeldingar og samarbeid med heimen prioriterast i 2015
Alle elevar skal delta som aktive utøvarar og publikumarar ved ulike opptredner/ utstillingar gjennom året.	Vi arrangerer små «huskonsertar» for dei einskilde instrumenta med ein uhøgtideleg ramme som gjer at dei aller fleste tør å opptre. Dei store terminkonsertane har ei meir profesjonell ramme, og elevane får trening i å opptre for eit større publikum. I tillegg opptre elevar etter førespurnad frå andre (pensjonsittreff, aldersheimen Midsundfestivalen m.v.)
Medarbeidarar	
Vi ønskjer fagleg dyktige og topp motiverte medarbeidarar.	Alle lærarane deltek på fagdagar i regi av kulturskulerådet. Høve til å delta på kurs. Nokre lærarar deltok i 2014. Kvar veke samlast lærarane til «inspirasjonssmøte».
Utvikle samarbeid på tvers av kommunar	Ein elev fekk undervisning på Molde kulturskule i 2014. Samarbeid med kultursskulane i romsdalsregionen om talentutvikling. Ingen deltakarar frå Midsund i 2014.
Økonomi	
Mål om å få mest og best mogleg kulturskule ut av rammeløyingane.	Meirforbruk på om lag kr. 64 000 i 2014. Dette skuldast tilsetting av ny korpsdirigent meir pianolærar .

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2013
Netto ramme drift	1.473	1.411	62	104 %	1.336
Netto ramme bygg	0	0	0	0 %	0
Sum drift inkl. kostnader bygg	1.473	1.411	62	104%	1.336



Meir og mindreforbruk 2012-2015 (i heile 1000)

	2012	2013	2014	Budsjett 2015
Utgifter	1.499	1.845	2.139	2173
Inntekter	-290	-509	-666	-546
Netto ramme	1.209	1.336	1.473	1627
Budsjett	1.215	1.370	1.411	
Avvik	6	34	-62	

Investeringar

Midsund kulturskule har ikkje hatt investeringar i 2014.

Kommentarar og avviksforklaringar

Kulturskulen hadde eit meirforbruk på kr. 62 000,- i 2014. Dette skuldast at det vart tilsett ny korpsdirigent i august, samt at kulturskulen fekk eit større ansvar for den kommunale stillingsdelen til kontor, enn det som var budsjettert.

Positive opplevingar

- Installering av nytt lyd- og lysanslegg i Storsalen på Midsund.
- Oppstart av tilbud i ballett for aldersgruppa 1.- 3. klasse
- Oppstart av kulturskulekor
- Tilsetting av ny korpsdirigent, Kjetil Gjetmundsen
- Etablering av tilbudet «Frem frå glemselen» for bebuarar på Midsund omsorgssenter.

Kostra 2014

	Midsund 2014	Gr.4	Fylket	Landet	Sandøy	Aukra	Fræna	Eide	Gjemnes	Molde
Netto driftsutgifter per innbygger	717	523	382	299	824	722	304	503	372	323
Netto driftsutgifter, per innbygger 6-15 år	5 296	4 184	3 063	2 420	7 027	5 106	2 295	3 514	2 735	2 800
Brutto driftsutgifter per bruker	12 658	16 407	16 053	17 363	16 698	15 402	17 965	18 201	18 538	18 390



Ballett-jentene etter ei av jule-førestillingane 2014



Kulturskulen sine eminente lærarar!
(Z. Lech og Kjetil Gjetmundsen manglar på biletet)

Utfordringar for eininga

- Kulturskulen har for lite lokale til undervisning. Instrument må bærast mellom klasserom på skulen. Dei tilsette har ikkje eigne arbeidsplassar, og det er ikkje rom tilgjengelig for møter på dagtid. Kulturskulen treng minimum eitt rom som kan nyttast utan at ein er avhengig av å tilpasse bruken til andre. Dette er ei stor utfordring!
- Kulturskulen leiger lokale på Idavoll til dans. Tunge speil må flyttast opp og ned alt etter anna utleige og kva aktivitet det er elles på huset.
- Det er stort ønskje om å få på plass tilbod i visuell kunst og drama/teater. Lokalitetar er også her ei utfordring.
- Lage fagplanar og overordna målsettingar for kulturskulen
- Auke formell kompetanse hos dei tilsette

Statistikk

Elevplassar	2012	2013	2014
	100	155	164
Bemanning	2012	2013	2014
Tal på tilsette	5	6	7
Tal på årsverk	2,4	2,4	2,6
Permisjonar	2012	2013	2014
Dager	0	0	0
Sjukefråvær (%)	2012	2013	2014
Eigenmelding (1-8 dagar)		0	0,1
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)		0	0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)		1,2	0
Totalt fråvær		1,2	0,1

Kommentarar

Kulturskulen arrangerte 10 vekers- kurs i latinamerikansk dans med 15 deltakarar hausten 2014. Lærar var Agneiszka Chojeta- Pierzakowska.

Midsund barnehage.

Midsund barnehage er ein barnehage med 54 plassar fordelt på tre avdelingar. Marilhøna med barn i alderen 1-2 år. Regnbuen med barn i alderen 2-3 år og Blåkklokka med barn i alderen 3-5 år. Barnehagen ligg fint til på Bøen med eit variert uteområde. Det er kort veg til skog, fjøre, omsorgssenter og kommune- senteret. Lengre turar går til Idrettshallen, bibliotek, fotballbana og Bakkeskogen.

Barnehagen skal bidra til at alle barn får ein god start i livet. Alle skal få mulighet til å utfolde sin skapartrøng og sin trøng til utforske i trygge rammer.



Einingsleiar Anita Bugge.

Hovudoppgåver

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrøng. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for felleskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (Barnehageloven §1 Formål)

Barnehagen skal organiserast etter lov, rammeplan og gjeldande forskrifter. Årsplanen til barnehagen trekkjer dei store linene ned til lokale forhold.

Mål

Måloppnåing

Brukarar

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg, lek og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Det er ein kontinuerleg prosess som krev kompetent personale og ein god dialog med foreldra. Vi er avhengig av eit personale som reflekterer over arbeidet som blir gjort. Å ta utdanning i vaksen alder, slik mange her gjer no, viser at vi har eit kompetent personale.

Dei med rett til barnehageplass, skal få tilbod om plass.

Alle med rett til plass, fekk tilbod om plass.

Medarbeidarar

Midsund kommune yter framtidsretta tenester med ansvarlige og motiverte vaksne.

Det er eit godt arbeidsmiljø, med motiverte tilsette. To førskulelærar tok vidareutdanning i Rettleiing/mentorutdanning. To assistentar fullførte KOMPASS. (Kompetanseheving for assistentar) Dei same to starte på fagbrevet i barne –og ungdomsarbeidarfaget i haust.

Økonomi

Organisere drifta av barnehagen innafør tildelt ramme.


Enda med overforbruk. Det viser bl.a. at det er vanskelig å gjennomføre i praksis dei kutta i vikarbudsjetten som har vore gjort dei siste åra.

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap (i heile 1000)


	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2013
Netto ramme drift	5 814	5 315	-499	109 %	4 744
Netto ramme bygg	696	819	123	85 %	663
Sum drift inkl. kostnader bygg	6.510	6.134	-376	106%	5 407

Driftsutgifter



- Lønn og sosiale utgifter
- Varer og tenester
- Andre driftsutgifter

Driftsinntekter



- Salgsinntekter
- Refusjoner
- Bruk av fond og interne finans.

Meir og mindreforbruk 2012-2015 (i heile 1000)

	2012	2013	2014	Budsjett 2015
Utgifter	6 104	6 223	7 537	6 871
Inntekter	-1 427	-1 479	-1 723	-1 566
Netto ramme	4 627	4 744	5 814	5 305
Budsjett	4 565	5 335	5 315	
Avvik	-62	-591	499	

Investeringar

Eininga har ikkje hatt investeringar i 2014.

Kommentarar og avviksforklaringar

Overforbruket skuldast fleire årsaker. Det har vore auke i lønn pga. lønnsoppgjøret og nye tilsetningar. Det er vedtak etter barnehagelova § 18, som ikkje var budsjettert (32% assistentstilling i 4 mnd.) Det er og vedtak etter Opplæringslova § 5.3 og § 5.7. Dette resulterte i ei auke i KLP og arbeidsgjevaravgift med ca. kr. 130 000,-. Ferievikarutgifter skuldast endring i ferielova frå 1.7.14.

Positive opplevingar

Nasjonal barnehagedag. Vi har tradisjon der vi arrangerer besøksdag denne dagen. Vi inviterer besteforeldre, foreldre, tanter, onklar, naboar, og venner. Vi viser fram barnehagen og synleggjer vårt innhald. Dagen var veldig vellykka!

Fleire av dei tilsette hever sin formalkompetanse. (Viser til punkt mål/måloppnåing) Det gjer at det vert betre kvalitet på innhaldet i barnehagekvardagen.

Det er fleire førskulelærarar enn det lova krev.



Det er mykje spennande å undre seg over ute i naturen.



Det er alltid godt å halde venner i handa.

Utfordringar for eininga.

- Opprusting/fornyng av uteområdet.
- Nytt gjerde rundt området må på plass. (ligg i økonomiplan)
- Generelt vedlikehald på huset.
- Rekruttere fleire barne –og ungdomsarbeidarar.

Statistikk

Brukarar	2012	2013	2014
Tal på barn i barnehagen	41	43	45
Tal på plassar	54	54	54
Bemanning	2012	2013	2014
Tal på tilsette	13	13	13
Tal på årsverk	10	10	10,72
Permisjonar	2012	2013	2014
Barns sjukdom	0,3	0,6	0
Sjukefråvær (%)	2012	2013	2014
Eigenmelding (1-8 dagar)	2,1	2,5	2,4
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0,9	0,6	1,7
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	2,1	3,5	4,2
Totalt fråvær	5,1	6,6	8,2

Gjerdet barnehage

Etablert september 2011 og held til i eit fleksibelt og universelt tilpassa bygg som imøtekjem utfordringar i dagens barnehagar. Vi har 5 aldersdelte baser: Krabben, Kokkeluren, Kråkebollen, Sjøstjerna og Blåskjellet. Barnehagen har også eit stort uteområde og fleire turområder i nærmiljøet.



Birgitta Hole

Hovudoppgåver

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som gir barn gode høve for leik og meningsfylte aktivitetar. Med utgangspunkt i lov om barnehagar og rammeplan for barnehagen er drifta tilpassa til lokale forhold og vi har fastsett ein årsplan for Gjerdet barnehage som viser kva vi arbeider etter og kva satsingsområde vi har.

Mål

Måloppnåing

Brukarar

Retten til barnehageplass skal bli innfridd.

Alle som hadde rett til plass fekk plass.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg, leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Den viktigaste ressursen for eit kvalitetstilbod for barna er personalet og barna sjølve. Aldershomogene grupper gjev større mulegheit for tilrettelagd læring og utvikling. Gjerdet barnehage har fokus på vennskap og deltaking. Gjennom det ønskjer vi å motverke mobbing og styrke vennskap. Det har ikkje blitt gjennomført brukarkartlegging i 2014, men vi gjennomfører 2-4 foreldresamtalar i løpet av året, foreldre- og SU møter.

Medarbeidarar

Midsund kommune yter framtidretta tenester med ansvarlige og motiverte medarbeidarar. (Langtidsfrisk 2009)

Det vert årleg gjennomført medarbeidersamtalar. Dispensasjonar medfører innsparing, men samtidig redusert kvalitet på det pedagogiske arbeidet og meirarbeid på andre. Nyare forskning viser ein klar samanheng mellom det å gå i barnehage og deltaking og kvalitet i det vaksne liv. Vi har systematisk rettleiing av personalet, med fokus på kvalitet i det daglege arbeidet og for å løfte realkompetansen. Når det gjeld formalkompetanse har 3 assistentar fullført kompetanseløftet Kompass v/ Høgskulen i Volda. 2 assistentar tek barnehagelærerutdanning og einingsleiar har fullført nasjonal styrarutdanning. 4 assistentar går barne- og ungdomsarbeid.

Økonomi

Drifte barnehagen på best muleg måte ut frå dei økonomiske rammene kommunestyret har tildelt barnehagen i budsjett- og økonomiplanperioden.


Årlege kutt medfører at handlingsrommet vert redusert med tanke på tiltak som kan heve livskvaliteten for barn som treng ekstra oppfølging allereie i barnehagen, eks. språkstimulering, rettleiing av føresette og atferdsregulering. Tidleg innsats gjev sosialøkonomisk innsparing viser nyare forskning. Dess tidlegare ein sett i gang tiltak, dess større effekt for seinare deltaking i skule og yrkesliv.

Økonomisk resultat


Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2013
Netto ramme drift	7772	8189	-417	95 %	7 209
Netto ramme bygg	1 479	1 580	-100	94%	1 417
Sum drift inkl. kostnader bygg	9.251	9769	-518	95%	8 626

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Meir og mindreforbruk 2012-2015 (i heile 1000)

	2012	2013	2014	Budsjett 2015
Utgifter	8 379	10 108	10 610	10 681
Inntekter	- 2 301	- 2 898	- 2 838	- 2 274
Netto ramme	6 078	7 209	7 772	8 407
Budsjett	6 848	7 800	8 189	
Avvik	770	591	417	

Investeringar

Eininga har ikkje hatt investeringar i 2014.

Kommentarar og avviksforklaringar

- Betydeleg mindreforbruk i lønnsutgifter. Permisjonar, langtidssjukemeldingar og tiltak gjev refusjonar. Dispensasjonar frå utdanningskrav vår 2014. Frå haust 2014 pedagogar i alle stillingane, nyttilsettingar med lågare ansiennitet.
- Vi har leigd inn dansk pedagog frå Adecco i 2014, det har ikkje vore innleige under ferieavvikling, dermed vakanse og innsparing av lønnsutgifter.
- Administrasjonen har kjøpt teneste tilsvarande 5 % for å køyre samordna opptak. Gjerdet barnehage har også hatt ansvar for å vere systemansvarleg for VISMA barnehage.
- Dobbeltbudsjettering kr 140`, prosjekt Regnbuen.
- Svikt i foreldrebetaling kr 150`. Vi har hatt stor andel småbarnsplassar og søskenmoderasjon i 2014.

Positive opplevingar

- Heving av formalkompetansen: Gjerdet barnehage har assistentar som tek utdanning, både barne- og ungdomsarbeid og barnehagelærerutdanning.
- Vi har ved utgangen av 2014 pedagogar i alle barnehagelærarstillingane.



Årets emne i Gjerdet barnehage -
Barn og matematikkglede.



Barn og matematikkglede – Barn møter
matematikken gjennom lek, læring, spørsmål og
undring.

Utfordringer for eininga

- Midsund kommune har mangel på barnehagelærer kompetanse. Tilgang på nok og kvalifisert personale har vore ei utfordring. Dispensasjonar har gjeve uforutsigbare løysningar. Vi har 2 som er i gang med desentralisert barnehagelærerutdanning og vi leiger pedagog frå Adecco, de rmed har vi pedagog i alle barnehagelærarstillingane i dag.
- Målet er fleire assistentar med fagbrev og barnehagekompetanse. 4 har starta utdanning.
- Endringsfase/innkøyringsfase på 3-5 år for drifta i samband med bygg og struktur. Mange tilsette har kome gradvis til etter oppstart og må få innføring og opplæring i dette.
- Aukande gruppe med barn og føresette som ikkje kan norsk, kommunikasjon kan vere ei utfordring i kvardagen. Vi har også barn og føresette som treng ekstra oppfølging pga livssituasjon. Kutt i eininga dei siste åra gjev lite handlingsrom for tiltak internt.
- Auke i langtidsjukefråver, men stor nedgang frå haustparten 2014.

Statistikk



Brukarar	2012	2013	2014
Tal på plassar	72/84	84	84/90
Tal på barn (des)	67	70	73
Bemanning	2012	2013	2014
Tal på tilsette	19/23	22	22/25
Tal på årsverk	13.4/15.6/16.2	16.2/15.6	15.6/17.68
Permisjonar (%)	2012	2013	2014
Barns sjukdom	1,6	1,0	0,8
Sjukefråvær (%)	2012	2013	2014
Eigenmelding (1-8 dagar)	1.8	1.1	1.1
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0.3	0.7	0.2
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	1.9	4.9	7.4
Totalt fråvær	4.0	6.6	8.6

Kommentarar


Gjerdet barnehage opna hausten 2011 med 72 barnehageplassar, og Midsund kommune auka med det barnehagekapasiteten med 22 plassar. Frå juni 2012 vart nye 12 plassar etablert ved Gjerdet barnehage. Barnehageåret 2014/2015 har ein vedtak på 90 plassar. Ved utgangen av 2014 har Gjerdet barnehage spesialpedagogiske tiltak på 1.08 årsverk, i tillegg kjem 1.2 årsverk som er budsjettert på prosjekt Regnbuen.

Kostra barnehage 2014

Foreløpige tall pr. 15. mars 2015.



Driftsutgifter som er fråtrekt refusjon sjukeløn, mva komp og interne overføringer.



Helse og Omsorg

Eining helse og omsorg består av 4 avdelingar med ein einingsleiar og 4 avdelingsleiarar.

Helse - Kommunelegekontoret, psykisk helse, helsesøster, jordmor og fysioterapi.

Butenesta - Bukollektiv Myratun, Bukollektiv "Molde" Prosjekt Regnbuen frå august 2014 og dagsentret "Istadbygget" i Rakvågen.

Heimebasert omsorg -Heimesjukepleien, heimehjelp, Prosjekt Regnbuen til august 2014, Prosjekt 12, Prosjekt 14, Aktivitetssenter, Fjordstua, avlastning og støttekontakt.

Midsund sjukeheim - 2 somatiske avdelingar for 16 pasientar, inkl. 2 korttidsplassar, 1 skjerma avdeling for demente for 10 pasientar, kjøkken som produserer mat til sjukeheimen, men også til personar som bur heime.

I tillegg har eininga merkantil teneste med 2 personar på til saman 0,75 stilling.

Hovudoppgåver

- Etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. særleg vektlegge førebygging, behandling og tilrettelegging for å meistre sjukdom, skade og nedsett funksjonsevne.
- Sikre at den enkelte får mulegheit til å leve og bu sjølvstendig og til å ha ein aktiv og meningsfull kvardag i fellesskap med andre.
- Sikre gode tenester og eit likeverdig tenestetilbod. Samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasientar og brukarar, samt å sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sine behov tilrettelagt med respekt for den enkeltes integritet og verdigheit.
- Bidra til at ressursane i heile helse- og omsorg blir utnytta best muleg.

Mål

Måloppnåing

Brukara

Arbeide med dei utfordringane samhandlingsreforma gir kommunen.

Aktiv deltaking i ROR sitt nettverk knytt til samhandlingsreforma. Alle avtalar som er vedtatt i kommunestyret er blitt evaluert. Skal opp til ny behandling i 2015

Oppretthalde god kvalitet på alle helse- og omsorgstenester

Tilbakemeldingar frå dei som får tenester er positive. Fleire tilsette har fått auka kompetanse.

Sikre at brukarane får rett hjelp til rett tid og innrette tenestene mot samhandlingsreforma.

Har ikkje hatt ventetid på tenester. Har klart å gi kort- eller langtidsplass til dei som treng det.

Utnytte ressursane samla i eininga

Har arbeidet mykje med samarbeid mellom avdelingane.

Medarbeidarar

Kompetanseløftet 2015

Fleire tek fagbrev, høgskuleutdanning og vidareutdanning. Kommunen søker midlar/stipend til desse gjennom fylkesmannen. Vi fekk tildelt kr. 380,000,- i 2014.



Leif Arne Lagesen

Redusere sjukefråværet til 5 % som er eit vedtatt mål for kommunen.

Har hatt ei auke frå 6,0% i 2013 til 7,6% i 2014. Dei avdeling som har størst auke er heimebasert omsorg frå 3,0% til 7,9% og Butenesta frå 7,5% til 10,7%. Midsund sjukeheim har også hatt auke frå 6,1% til 8,5%.

Økonomi

Halde vedtatt budsjett innan helse og omsorg

Har ikkje klart å halde budsjetta i 2014. Sjå kommentarar innan kvar enkelt område.

Samla økonomisk resultat

Meir og mindreforbruk 2012 - 2014 (i heile 1000) totalt i Helse og omsorg

	2012	2013	2014	Budsjett 2015
Utgifter	65 869	72 933	81.341	73.808
Inntekter	-20 473	-23 725	-28.148	24.319
Netto ramme	45 397	49 200	53 193	49.489
Budsjett	44 765	47 822	50 199	49 489
Avvik	-632	-1387	-2.994	

Kommentarar og avviksforklaringar for heile eininga

Har eit samla meirforbruk på kr. 2.994.000,- Sjå på kommentarane for kvart enkelt ansvar.

Positive opplevingar

Har hatt gode samarbeidsforhold mellom dei 4 avdelingane. Stabilt leiarskap over tid gjev god oversikt og resultat.

Statistikk

Bemanning	2012	2013	2014
Tal på tilsette	121	121	122
Tal på årsverk	73,91	73,26	73,78
Permisjonar (%)	2012	2013	2014
Dagar	0	0	0
Sjukefråvær (%)	2012	2013	2014
Eigenmelding (1-8 dagar)	1.3	1.3	1.4
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0.5	0.7	0.4
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	8.6	4.1	5.8
Totalt fråvær	10.7	6.0	7.6


Kommentarar

Årsmeldinga tek omsyn til dei 4 hovudområda, Helsetenester, Sjukeheimen, Heimebasert omsorg og Butenesta i tillegg til Helse og omsorgsadministrasjon..

Kostra 2014

Netto driftsutgifter per innbygger i Pleie og omsorg

	Midsund 2014	Gruppe 4 2014	Fylket 2014	Landet 2014	Sandøy 2014	Aukra 2014	Fræna 2014	Eide 2014	Gjemnes 2014	Molde 2014
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i % totale netto driftsutgifter	38,2	34,1	34,4	31,5	35,2	27,6	32,8	31,2	36,1	36,4
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	23 117	23 522	18 394	16 433	25 410	21 845	17 602	16 712	20 572	17 710
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester	590 867	415 425	415 054	397 421	390 011	497 370	414 239	367 792	460 197	486 752



Ligger greit i forhold til KOSTRA gruppe 4. Det ein ser, er at dess større kommunen er, dess fleire delar ein kostnaden på. Viss ein i tillegg har mange innbyggjarar som ikkje trengjer tenester, vil kostnaden pr. innbyggjar gå ned.

Helse og omsorg – administrasjon og fellesutgifter

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2013
Netto ramme drift	1 191	1 143	48	104	1 052

Helse og omsorgsadministrasjonen utgjer 1,2 stilling. Det vert gitt tenester til dei 4 avdelingane som treng bistand i samband med bu, husleigekontraktar, vederlagsberekning og pasientregnskap. I tillegg til alle dei vanlige merkantile tenester. Frå august har ein overført bustøttesøknadene til NAV sosialtenester. Grunna sjukefråvær på kommunehuset har denne ressursen blitt brukt til avhjelpe situasjonen der. Auka kostnader til lisensar, bl.a. til HelseNett og krav til elektronisk samhandling med sjukehuset. Omfattande oppgradering av rapporteringssystemet Profil.

Helsetenester

Avdelingsleiar Thomas Rakvåg

Ansvar: Helsestasjon, Jordmorteneste, Kommunelegekontor, Fysioterapi, Psykiskhelse, Samhandlingsreforma.

Hovudoppgåver

- Hovudoppgåvene er heimla i «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.» Administrering og utøving av desse vil variere for kvar einiskild tilsett, ut frå stilling og kompetanse.
- Å yte best mulege helsetenester til innbyggarane. Kvalitet, tilbod, service og effektivitet innanfor ein sunn økonomi er viktige stikkord.
- § 3-2 oppgåver under helsetenesta:
 - Fremme helse og førebygge sjukdom, skade eller lyte. Tiltak med dette for auge organisierast som: a:miljøretta helsevern b:helsestasjon c:helsetenester i skular. d: opplysningsverksemd - Diagnose og behandling av sjukdom, skade eller lyte - Medisinsk habilitering og rehabilitering - Pleie og omsorg - Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar.

Mål

Måloppnåing

Brukarar

Yte best mogleg helsetilbod til innbyggarane i kommunen.

-Har hatt turnuslege heile året. Tilsette i alle fagstillingar.
-Alle som er født ila dei 2 siste åra, har gått til kontroll hos jordmor.
-Alle brukarar av psykisk helse har fått vedtak

Medarbeidarar

Psykisk helse, helsesøster og jordmor, skal vere knyta til system x(same som legekantoret)

Har ikkje fått alle modulane på plass i 2014. Psykisk helse er på plass, og det er gitt opplæring.

Økonomi

Halde vedtatt budsjett innan avdelinga


Har ikkje klart å halda budsjettet i 2014. I 2. tertial ble det meldt frå om mulig meirforbruk på kr. 650.000,- Sjå kommentarar.

Økonomisk resultat


Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2013
Netto ramme drift	9 808	9 328	480	105%	9 632
Netto ramme bygg	299	329	-30	91%	328
Sum drift inkl. kostnader bygg	10.107	9.657	450	104%	9.960

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Meir og mindreforbruk 2012 - 2014 (i heile 1000) totalt i Helse og omsorg

	2012	2013	2014	Budsjett 2015
Utgifter	10.943	12.325	12.985	10.122
Inntekter	-2 022	-2 694	-3.177	-3.175
Netto ramme	8.921	9.634	9.808	6.947
Budsjett	8.486	8.324	9.328	
Avvik	-435	-1.308	-480	

Investeringar

Har investert i ultralydapparat til bruk for kommuneoverlegen.

Kommentarar og avviksforklaringar

Kommunelegekantoret har hatt eit meirforbruk på kr.480.000,- i 2014, knytt hovudsakleg til følgjande hovudpostar:

- Bruk av ambulansesbåten er eit trekant samarbeid som gir uforutsigbare kostnader for kommunen. Her er det blitt eit meirforbruk på kr. 80.000,- i forhold til budsjett.
- Lønnsbudsjettet samla ga eit meirforbruk på kr. 286.000,- inkl. samhandlingskostnad til sjukeheimen, legevakt og kommunelegekantoret med meirkostand knytt til kommuneoverlegens lønna permisjon i spesialisering der det var innleigd vikar i 15% stilling første halvår.
- Meirkostnad på lisensar, medikament, medisinsk forbruksvarer, opplæring, transport, husleige, inventar og service ga ei meirutgift på kr. 150.000,- Vidare meirkostnad på kjøp av tenester, bl.a. veiledning og meirforbruk på personar som brukar fastlegar utanom Midsund.
- Brukarbetaling, sal utanfor avgiftsområde og overføring frå staten har ei mindre-inntekt på kr. 180.000,-
- Vidare utbetring av legekantoret vart ikkje igangsett i 2014 (var vedtatt i budsjettet).
- Har ikkje komme i gang med elektronisk journalsystem for helsesøster. Avventar løysing i ROR-IKT.
- Lite sjukefråvær, kun langtidsfråvær.
- Tilsett ny person etter at ei av tilsette har gått av med AFP
- Leige av eigen legevaktsbil.
- Samhandlingsbudsjettet er ganske godt balansert. Samhandlingsreforma oppleves som godt gjennomført.
- Legekantoret manglar ein god telefonsvarar- system.
- Rusomsorga er flytta frå NAV sosialtenesta til Helse.
- Interkommunalt samarbeid ang. rus og psykisk helse.

Positive opplevingar

Innføringa av Time på dagen er svært positivt for legekantoret og publikum.

Utfordringer for eininga

For 2014

- Nytt digitalt nødnett blir sett i gang 08.04.2015. Opplæring av legane er påkravd.
- Personell som går av med AFP på legekantoret.
- Behov for auka stilling i helsestasjonstenesta.
- Planlegge ø-hjelp tilbod frå 01.01.2016
- Vidare utbetring av legekantoret med oppussing av fasaden og inngangspartiet.
- Ønske frå helse om auka stillingsressurs til demenskoordinator.


Statistikk

Bemanning	2012	2013	2014
Tal på tilsette	12	11	11
Tal på årsverk	6,37	6,27	6,27
Permisjonar (%)	2012	2013	2014
Dagar	0,2	0,2	0
Sjuefråvær (%)	2012	2013	2014
Eigenmelding (1-8 dagar)	0.8	1.0	1.3
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0.8	1.1	0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	4.7	6.1	3.0
Totalt fråvær	6.3	8.2	4.3

Kommentarar

Sjuefråværet har frå 2013 til 2014 gått i riktig retning.

Kostra 2014



Midsund sjukeheim

Avdelingsleiar Anette Hoel

Midsund Sjukeheim har 28 plassar, der 2 plassar er korttidsopphald, fordelt på tre avdelingar. 10 av plassane er skjerma avdeling for aldersdemente.

Drifta ved sjukeheimen omfattar fleire enn bebuarane på Sjukeheimen. 20 bustadar er tilkopla med sjukesignal.

Kjøkkenet, som er eit eige ansvarsområde, produserer mat til heimebuande, samt kantineverksemd. Utkøyring av middagar er eit samarbeid mellom kommunen, frivillige enkeltpersonar og Rotary.

Hovudoppgåver

Tenestene er heimla etter Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. Forskrift for sjukeheim og buform for heildøgns omsorg og pleie.

- rehabilitering med tanke på tilbakeføring til heimen
- dagopphald, nattopphald, avlastning og terminal pleie
- permanent opphald/langtidsplass ved somatisk avdeling og skjerma avdeling
- for aldersdemente

Mål

Måloppnåing

Brukarar

Midsund kommune har tilstrekkeleg plassar med heildøgns omsorgstilbod

I 2014 har ein klart å ta inn dei som treng korttidsopphald

Omsorga blir gitt med utgangspunkt i brukarane sine ressursar, slik at brukarane opprettheld sin integritet og sjølvstende

Tenesta er basert LEON- prinsippet. Vi har i 2014 hatt ei satsing på kompetanseutvikling av personalet. Fleire er under utdanning, og nokre av dei tilsette held på med Demensomsorgens ABC.

Tenestene og kommunen som organisasjon utviklar seg i takt med endringane i brukarbehova

Tenestene må differensierast og individuelt tilpassast.

Medarbeidar

Midsund kommune følgjer intensjonane i lov og avtaleverk for å sikre kvalitative gode tenester

I høve internkontroll og utvikling av prosedyrar, er vi godt i gang med å samle dei gamle og skrive nye prosedyrar. Kommunen er i startfasen med å ta i bruk elektronisk avvikssystem,

Komme i gang arbeidet med Omsorgsplan 2015

Er i startfasen på dette arbeidet

Behalde sjukefråværet på 2013 nivået.

Sjukefråværet har gått opp frå 6,1% i 2013 til 8,5% i 2014.

Økonomi

Halde vedtatt budsjett innan avdelinga


Det er ikkje innfridd, grunna liten tilgjengeleg kompetanse, fleire dårlege pasientar med komplisert sjukdomsbilete, og til tider stort sjukefråvær.

Økonomisk resultat


Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2013
Netto ramme drift	20 868	19 540	1.329	107	18 844
Netto ramme bygg	4 059	3 826	233	106	3 914
Sum drift inkl. kostnader bygg	24 927	23 366	1.562	107	22 758

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Meir og mindreforbruk 2012-2015 (i heile 1000) Sjukeheimen og kjøkkenet.

	2012	2013	2014	Budsjett 2015
Utgifter	23 649	26 245	27 699	24 733
Inntekter	-6 594	- 7.401	-6.830	-4 720
Netto ramme	17 055	18 844	20 869	20 013
Budsjett	16.625	18 940	19 540	
Avvik	-430	96	1.329	

Investeringar

Eininga har ikkje hatt investeringar i 2014.

Kommentarar og avviksforklaringar

Midsund sjukeheim har eit samla meirforbruk på kr. 1.329.000,-

Har hatt samla sett et meirforbruk på lønn med kr. 1.421.000,- (fastlønn, avtalefesta tillegg, vikar, ekstrahjelp, overtid, KLP og arbeidsavgift med frådrag på refusjon sjukelønn og svangerskap/foreldrepenge). Har hatt meirforbruk på medisinsk forbruksvare på kr. 67.000,-, forbruksmateriell/råvarer/tenester med kr. 86.000,-, avgifter, gebyr og lisensar på kr. 29.000,-

Vi har i 2014 hatt mange krevjande pasientar med eit komplisert sjukdomsbilete, tidlegare utskrivning frå sjukehus er ein av grunnane. I tillegg har fleire blitt behandla her i staden for å bli innlagt på sjukehuset. Fleire sjukepleiarar ute i permisjonar, og vi har ikkje klart å få vikarar i deira stillingar. Dette har ført til dårleg sjukepleiedekning i periodar. Innleige/bruk av vikarbyrå på slutten av året – dette er ei kostbar ordning. Vi har i 2014 gått over til elektronisk meldingsutveksling. Det har vore auke i sjukefråværet frå 6,1% til 8,4%.

Positive opplevingar

Det har vore eit godt samarbeid mellom avdelingane, og ein har klart å ta imot nesten alle ferdigbehandla pasientar frå Helseføretaket.



Juleavslutning

Utfordringar for eininga

Ulike demenslidningar er ei stor utfordring for omsorgstenesta og skjermaavdeling. Det er behov for betre samordning av dei ulike deltenestene innan pleie- og omsorg for å sikre god kvalitet og mangfald framover. Her må målet vere å kunne gje gode tenester i heimen slik at dei kan utsette behovet for institusjonsplass.

Fleire og fleire treng store og komplekse tenester framover. Dei som kjem på sjukeheimen i dag er meir ressurskrevjande enn tidligare. Det gir dei tilsette mange utfordrande oppgåver som krev auka kompetanse. Vi har ein person på vidareutdanning i geriatri og fleire personar i helgestillingar som tek helsefag. Det er bra, men ein treng fleire inn på vidareutdanning for å ha meir kompetanse tilgjengeleg i kommunen.

Har over tid klart å få inn fleire med sjukepleier utdanning. Det er svært bra, men når fleire er ute i permisjonar på same tid, byr det på utfordringar. Det gjeld å ha tilstrekkelig med kompetanse til ein kvar tid. Behov for fleire sjukepleiarstillingar.

Utfordring med å ha tilstrekkelige plassar til dei som treng skjermaplassar. Pr. i dag har ein 10 plassar for langtidsopphald. Utfordringa er at ein ikkje har korttidsopphaldsplass for dei som treng skjermaopphald.


Statistikk

Brukarar	2012	2013	2014
Tal på sjukeheimplassar	30	28	28
Bemanning	2012	2013	2014
Tal på tilsette	50	48	45
Tal på årsverk	32,92	29,73	29,65
Permisjonar (%)	2012	2013	2014
Barns sjukdom	0,2	0,3	?
Sjukefråvær (%)	2012	2013	2014
Eigenmelding (1-8 dagar)	1,2	1,4	2,2
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0,2	0,8	0,7
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	7,0	3,9	5,6
Totalt fråvær	8,4	6,1	8,5



Kommentarar

Sjuefråværet har gått opp frå 6,1% i 2013 til 8,5% i 2014.

Kostra 2014



Stor sett lik kostnad på institusjonsplass i heile landet. Viktig å leggje merke til at kostnaden pr. plass ikkje nødvendigvis går ned når ein reduserer plassar.



Heimetenesta

Avdelingsleiar Hanna Linn Rakvåg

Heimebasert omsorg omfattar: Heimesjukepleien, Heimehjelp, Prosjekt 12, , Prosjekt 14, Aktivitetssenter, Bukollektivet Fjordstua, Avlastning, Støttekontakt og prosjekt Regnbuen fram til og med veke 33- deretter overflytta til Butenesta.

Hovudoppgåver

